

Den magiske omvandlinga

Håvard Hammarstrøm

Aud Sigrid Flesland er scenograf i samband med oppsetnaden av Les Misérables på Bømlo. I eit lagerlokale i Mosterhamn er ho no i ferd med å gjere om kulissar i kryssfinér til "magiske" murbygg.

Aud Sigrid Flesland frå Etne ser på seg sjølv som scenograf og kunstnar. Ho er utdanna som TV- og scenescenograf i Sverige. Sidan har ho vore tilsett ved fleire ulike teater. Ei tid arbeidde ho mellom andre for Det Norske Teater, og ho har også vore tilsett ved Hordaland teater, Fyllingsdalen teater og Haugesund teater. Utover dette har ho arbeidd ei tid som scenograf i samband med fleire revyar, og ho har arbeidd som kunstnar. Ei tid attende vart ho tilsett som scenograf i samband med Bømlo Musikal Laug sin storoppsetnad "Les Misérables".

-Eg vart kjempeglad då eg vart spurd. Det er stort og veldig spennande for meg å få vera med på dette som scenograf. Det har vore fantastisk kjekt å få samarbeide med så mange kjekke menneske. Eg vart nesten redd for at dei skulle ombestemme seg etter at eg hadde fått tilbodet, seier ei smilande Flesland. Men kvar er det så ein scenograf eigentleg gjer?

-Som scenograf er det eg som er ansvarleg for korleis kulissene skal sjå ut. Men me er mange som samarbeider tett. Eg teikna først ei skikk over korleis eg tenkte meg at kulissene kunne sjå ut. Sidan har eg hatt tett dialog me regissør Amalie Nilssen om korleis utsjånaden burde vere. Deretter har ei teknisk gruppe mata inn informasjonen i ein datamaskin, rekna ut storleiken, og dei har til slutt laga sjølve kulissane i kryssfinér, seier Flesland. Ho står i eit lagerlokale i Mosterhamn, ikledd ei raudruta skjorte og ei svart bukse som er prega av mange timer med målearbeid. Flesland har mange lange dagar framføre seg før kulissane skal flyttast opp i Moster Amfi om ein knapp månad.

-Det er eg som skal sørge for at kulissane no får den rette utsjånaden, seier Flesland.

Sagmugg og gips

Scenografen fortel at ho no er i ferd med å leggje ei grunnmasse på kulissane. Dette skal gjere sitt til at kulissane i tre etter kvart skal bli sjåande ut som murhus. Sidan skal kulissane få ytterlegare farge, og det skal lagast nokre detaljar som mellom anna gjer sitt til at ein ser skilnad mellom dei enkle husa der dei fattige bur, og det fine, herskapelege, huset i midten der dei rike bur. I "Les Misérables" er kontrasten mellom fattig og rik stor, og målsetnaden er at dette også skal synast på kulissane.

-Kva materiale nyttar du deg av i arbeidet?

-Eg har så langt nytta meg mykje av måling. I tillegg har eg blanda inn sagmugg og gips. Sagmugg er eit fantastisk materiale. Det er dette som gjer at veggane blir ruglate og ser ut som mur. Det er veldig kjekt å sjå korleis uttrykket veks fram etterkvart. Men det er framleis mange utfordringar som står att. Mellom anna skal eg laga ein del nyansar, "skygge", og detaljar på husa. Eg skal også laga ulike fargar på husa som gjer at det ser ut som det er ulik avstand til dei. Kalde fargar ser ut som dei er lenger unna, medan varme fargar gir inntrykk av å vere nærmare. Dessutan skal kulissane stå utandørs ei tid. Difor må eg nok nytte ein del matt lakk for at dei skal kunne motstå vêr og vind, seier Flesland.

-Det byrjar nærme seg tida då de skal flytte kulissane opp i Amfiet?

-Me skal helst vere på plass med kulissane i Amfiet innan 14.juli. Eg tenkjer ikkje så mykje på det nett no. Eg har berre vore her nokre få dagar enno. Eg planlegg ein dag om gongen, men eg ser at det nok kan bli nokre lange dagar når det nærmar seg. Eg trur det skal gå greit dette. Eg har vanlegvis nokre alarmklokker som byrjar ringe, men dei har ikkje ringt enno. Det er viktig for meg å få fram at me har mange gode krefter i sving her. Eg står ikkje aleine. Eg har fått tilbo om hjelp om eg skulle trenge det, seier Flesland.

Åtte meter høgt

Ho tek til med å riste ein boks med måling for å syne korleis ho arbeider. Flesland seier ho ser fram til å sjå korleis det heile vil ta seg ut i Amfiet. Kulissane skal fungere slik at dei både kan skyvast og snus. Dermed får publikum sjå eit litt "magisk" scenskifte. I ein augenblink skal her vere eit fengsel. I det neste er me i gatene i Paris. I lagerlokalet i Mosterhamn ligg kulissane imidlertid så langt i delar utover golvet. Når den tid kjem skal kulissane setjast saman i Moster Amfi. Dei blir då inntil åtte meter høge. Flesland seier storleiken og utsjånaden blir tilpassa Amfiet som scene. Fargen blir tilpassa fjellet som bakgrunn.

-Eg skal gjere siste finpussen når kulissane står på plass i Amfiet. Eg ser ikkje fram til å stå åtte meter over bakken for å gjere denne delen av jobben, men om me får leigd inn ein lift så går det vel greitt, seier ho med eit smil. Flesland seier ho ofte har nytta ein modell i arbeidet som scenograf. Denne gong har all informasjon blitt samla på data. Dermed har ein ikkje hatt trong for ein modell.

-Dette har vore veldig greitt. På data kan ein snu og vende på kulissane. Då treng ein ikkje ein modell, seier Flesland. Ho fortel at ho i dagane som kjem vil måle, syngje og nyte utsikten over fjorden frå Mosterhamn i kaffipausane. Kan hende får ho inspirasjon til eit og anna måleri undervegs? Men først skal eit fengsel i Montreaux og ein del av Paris bli til.